



## Notar til Budsjettforslag for Rotary Distrikt 2250 for 2022-2023.

DGE Odd Henry Hommedal.

### Note 1.

#### Auke i medlemskontingenten.

Grunngjeving:

Ingen auke av kontingenten til Distriktet siste 7 år. Tilbake i 2015 var den samla kontingenten til Norfo og Distriktet omlag det samme som forslaget i budsettet for komande år. Det betyr ein reell nedgang i kontingenten.

I samme periode har prisauken på reise/opphold og andre utgifter vore betydeleg.

I samme periode har medlemstalet blitt redusert med bortimot 300 medlemmar som utgjør eit inntektsbortfall på over kr 100.000,-.

Det blir ikkje lenger betalt kontingent for Æresmedlemmar.

Rotary får ikkje lenger momsrefusjon.

Ein del innsparing på møteutgifter blir det pga endra møteformer, men...

Det er ynskje om å trappa opp aktiviteten i distriktet for å snu den negative medlemsutviklinga. Dette krev auka reiseaktivitet og ekstra ressursar.

Det er i komande år, etter Korona pandemien, ekstra stort ynskje om å møtast fysisk i komitèane for å bli kjent og få inspirasjon, for å stå på for Rotary. Dette kostar.

#### Oversikt over Kontingent og medlemsutvikling frå 2015-2022:

Kontingent:	15/16	16/17	2017/2018	2018/2019	2019/2020	2020/2021	2021/2022	2022/2023
D2250		367	367	367	367	367	367	460
Norfo		150	150	150	160	160	100	120
Rotary i Norden		73	73	76	76	80	80	80
Handicamp		50	0	0	0	0	0	0
Tilsaman	640	640	590	593	603	607	547	660
Medlemstal			1 835	1 765	1 710	1 686	1 623	1 550
Sum kontingent			1 082 650	1 046 645	1 031 130	1 023 402	887 781	1 023 000

**Note 2:**

Kontingenten til Norfo (Norsk Rotaryforum) blir for 2022-2023 auka til kr 120,- pr. medlem. Her skal me vera klar over at dette er langt under kontingenten til Norfo dei siste sju åra, bortsett frå inneværande Rotary-år då kontingenten vart sett ned til kr 100,-, grunna forventna lågare utgifter under Korona pandemien. (sjå tabellen under Note 1.)

**Note 3:**

Kontingenten for magasinet «Rotary i Norden» blir uendra på kr 80,- pr.år pr.medlem. I Norge blir magasinet no distribuert digitalt og det burde medført lågare kostnader. Dessverre ligg dei andre nordiske landa etter Norge i digitaliseringa og før det blir endra blir det neppe reduksjon i kostandane.

**Note 4:**

Avgifta for heimesidene til klubbane er på kr 750,- pr.klubb pr.år. Norfo arbeider med å få oppgradert sidene og har m.a. innhenta tilbod frå andre leverandørar. Blir utgiftsført på ktonr 6810.

**Note 5:**

Pr. 1. mars har distriktet ikkje motteke DG sitt reise og utgiftsbudsjett frå RI, men blir i budsjettet stipulert til kr 190.000,-. Dette blir utgiftsført på ktonr 7141.

**Note 6:**

Reisekostnadar ktonr 7140 til 7150, gjeld reiser for medlemmer av Distriktsrådet utover reiser til PETS og Distriktskonferansen.

Reise- og opphaldskostnadar for medlemmer av Distriktsrådet som bidreg til å gjennomføra PETS og Distriktskonferansen blir dekkja av arrangørklubben. Ref. ktonr 7560 og 7561.

Møteutgifter for Distriktsrådet for Distriktsamling/Distriktsrådsmøte/Årsmøte blir delvis ført på ktonr. 6860.

**Note 7:**

Styret har vedteke at gåver til klubbar som jubilèrer skal aukast frå kr 1.000,- til kr 5.000,-. Gåvene vert gitt til Rotaryfondene i jubilèumsklubben sitt navn.

**Note 8:**

Reise og opphald for AG-opplæring blir ført som forklart under Note 6.

**Note 9:**

Ungdomskomitèen, TRF-komitèen og Medlemsutvilingskomitèen ynskjer å auka aktiviteten ut mot klubbane og ynskjer ekstra ressursar. Ktonr 7563, 7564 og 7565 er til dekning av møteutgifter for komitèane. Reiseutgifter blir ført på ktonr 7146, 7147, 7148, Ein del av utgiftene for desse komitèane blir også ført på ktonr 6860, 7560 og 7561.